

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
123/21	Formannskapet	24.08.2021

Oppstart reguleringsplanarbeid for Skinnabrokleia

Samandrag:

Kystverket skal utbetre farleden på Søre Sunnmøre fra Herøy til Ålesund, med utdjuping slik at større båtar kan ferdast med større sikkerheit. Dette krev utarbeiding av detaljregulering.

Formannskapet 24.08.2021:

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samråystes vedteke.

F- 123/21 Vedtak:

Formannskapet støttar at det vert starta opp detaljregulering for utbetring og omlegging av farled i Bøfjorden, med planID 202104 som vist på i vedlagt planinitiativ, i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Formannskapet seier seg samd i at Kystverket får overført planmyndet til kommunen i samsvar med pbl § 3.7 fram til sluttbehandling av planane.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet støttar at det vert starta opp detaljregulering for utbetring og omlegging av farled i Bøfjorden, med planID 202104 som vist på i vedlagt planinitiativ, i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Formannskapet seier seg samd i at Kystverket får overført planmyndet til kommunen i samsvar med pbl § 3.7 fram til sluttbehandling av planane.

Vedlegg:

Planinitiativ Skinnabrokleia, Kyrkjefluda, Svædet

Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for utbetring og omlegging av farleder i Ulsteinfjorden(113118)


1. Saksopplysningar:

Planinitiativet

Kystverket skal utbetre farleden på Søre Sunnmøre frå Herøy til Ålesund, med utdjuping slik at større båtar kan ferdast med større sikkerheit. Røyrasundet - Svædet er prioritert tiltak for kyst i korridor 4 i nasjonal transportplan. Ved Skinnebrokleia skal hovudfarleden omleggast. Utbetring av farleden inkludere ein kombinasjon av nye sjømerke og utdjupning av enkelte område som er grunne. Massane frå utbetringa er planlagt lagt i deponi. Kystverket har på noverande tidspunkt ikkje noko prioritering på om dei ønsker sjødeponi eller landdeponi, men ynsker å varsle ei planavgrensning med moglegheit for sjødeponi i dei ulike planane. Kystverket tenker å velge beste løysing etter at ein har meir kunnskap å basere valget på. Både Herøy og Ulstein har meldt inn moglege landbaserte deponi. Det vil gjennom planprosessen gjerast vurderingar av kva som er mest formålstenlege deponi.

2. Planområdet

Planområda gjeld Skinnabrokleia, Kyrkjefluda og Svædet som markert i kartutsnitt under:



Skinnabrokleia går over kommunegrensa mellom Ulstein og Herøy.
Planområdet vert her utgreidd under eitt men splitta i to plankart ved

oversending for sluthandsaming. Desse vert levert med likelydande planomtale og føresegner.

3. Overordna plan

Området er omfatta av kommuneplanens arealdel. Kommunane på Ytre Søre Sunnmøre har under utarbeiding interkommunal kystsoneplan. Denne skal leggast ut til offentleg ettersyn medio september 2021.

4. Konsekvensutgreiing.

Planarbeidet kjem inn under KU-forskrifta §8 og vedlegg 2.

Omfanget av sjødeponi er større enn forskriftskravet på 50 000 kubikkmeter for både Skinnabrokleia og Kyrkjefluda/Svædet. Dette inneber at begge tiltaka må konsekvensutgreiast med tanke på naturmangfold med spesielt fokus på viktige naturtypar og fuglelivet.

5. Særskilt om planprosess

Planen vert gjennomført etter plan- og bygningslova sin § 3.7:

§ 3-7. Overføring av planforberedelse til statlig eller regional myndighet
...Myndigheter med ansvar for større samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur kan etter samråd med planmyndigheten utarbeide og fremme forslag til arealplan for slike tiltak og beslutte å legge slike planer ut til offentlig ettersyn etter bestemmelserne for vedkommende plantype.....

Dette vil i praksis seie at Kystverket tek seg av all utgreiing, offentleg ettersyn og sakshandsaming fram til endeleg sluthandsaming. Ferdig utarbeidd planframlegg med vedlegg vert sendt over til kommunen for vedtak i Kommunestyret.

Vurdering og konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår oppstart av detaljregulering for utbetring og omlegging av farled i Bøfjorden, i samsvar med plan- og bygningslova §12-8.

Kommunedirektøren tilrår at Kystverket får overført planmyndet til kommunen i samsvar med pbl § 3.7 fram til sluttbehandling av planane.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen

Miljøkonsekvensar: Positiv konsekvens ved at forled vert retta og dette gir redusert CO² utslepp og kortare transporttid for båttrafikken.

Økonomiske konsekvensar: Ingen negativ konsekvens for Herøy kommune

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen

Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Trond Arne Aglen
Kommunedirektør

Johannes Bjarne Alme
Kommunalsjef samfunnsutvikling